



Velkommen til "Inspirasjon og deling" 2015

Invitasjon til den årlege fagsamlinga for opplæring innanfor kriminalomsorga.

Fylkesmannen i Hordaland inviterer i samarbeid med fagkoordinatorane til fagsamling på **Gardermoen** (Thon Hotel Oslo Airport) **10.-11. februar 2015.**

Fagsamling er for alle tilsette i opplæring innanfor kriminalomsorga, TAFU-prosjektet og ND-sentra, men programmet er særleg retta mot rådgjevarar og lærarar innan språk, realfag, IKT, yrkesfag, praktisk-estetiske fag og opplæring for minoritetsspråklege. I 2015 held me fram med å legge til rette for ein eigen møtestad for avdelingsleiarar på fagsamlinga.

Målsetjing:

Målsetjinga med samlinga er erfaringsutveksling, fagutvikling og inspirasjon innan dei ulike fagområda. Me vil òg helde fram med diskusjonen om korleis me saman kan utvikle det faglege nettverket til felles nytte og støtte for tilsette i opplæring innanfor kriminalomsorga.

Program:

Forfattar Morten Lorentzen skreiv tekstar for «Hallo i Uken» i 20 år, og kommenterer si eige samtid og tema som psykisk helse, livskvalitet og sosial rettferd. Han vil innleie samlinga med eit kåseri om å overleve livet. Professor Arve Egil Asbjørnsen frå Universitetet i Bergen vil presentere eit flunkande nytt etter- og vidareutdanningsprogram om kriminalomsorga som læringsarena. Professor Rune Johan Krumsvik (UiB) har publisert fleire bøker og ei rekkje vitenskaplege artiklar som omhandlar IKT, undervisning og læring og vil diskutere kva læring som fungerer, i ein digital tidsalder. Leif-Andre Trøhaugen er retorikar, lektor og har undervisningserfaring frå alle klassetrinn i norsk skule. Han vil til slutt stille det sentrale spørsmålet: Kva er ein god lærar?

Dei mange **parallele sesjonane** («lange historier») har eit variert faginnhald relevant for opplæring innanfor kriminalomsorga.

Fagsamlinga skal òg vere ein arena for å inspirere, dele og diskutere i **faggrupper**. Faggruppene blir leia av fagkoordinatorane. Meir informasjon om innhald og program i faggruppene kjem på *It's learning*.

Tid: Tysdag 10. februar kl. 10.00 – onsdag 11. februar kl. 15.00

Stad: Thon Hotel Oslo Airport

Pris: Kr 3300,- pr. person inkluderer overnatting, alle måltid og deltakaravgift (kr 2700,- pr person i dobbeltrom).

For deltakarar som ikkje overnattar er kostnaden 1100,- pr. dag, inkludert lunsj.

Påmelding og meir informasjon:

Påmelding kan gjerast frå nettsidene til Fylkesmannen i Hordaland:

<http://fylkesmannen.no/Hordaland/Kurs-og-konferansar/Inspirasjon-og-delning-fagsamling2015/>

Påmeldinga er **bindande** og påmeldingsfristen er tysdag **13. januar 2015**.

Avmeldingar etter påmeldingsfrist blir fakturerte fullt. Faktura blir sendt ut etter seminaret.

Spørsmål

Spørsmål må rettast til Fylkesmannen i Hordaland:

- **Praktiske spørsmål** om hotell, overnatting påmelding og betaling:
Heine Heldal; fmhohhe@fylkesmannen.no
- **Faglege spørsmål** og spørsmål om arrangementet, innleiarar, fagkoordinatorane ol:
Cecilie Høisæter fmhochth@fylkesmannen.no Tlf: 55 57 20 29.

Vel møtt til fagsamlinga 2015!

Med venleg helsing

Karin Dwyer Løken	fagkoordinator for språkfag, Halden vgs
Bente Myhre Hansen,	fagkoordinator for praktisk-estetiske fag, GVO
Signy Selaihi,	fagkoordinator for opplæring av minoritetsspråklege, GVO
Tore Nybø,	fagkoordinator for yrkesfag, Hjalmar Johansen vgs
Yngve Mathisen,	fagkoordinator for yrkesfag, Halden vgs
Ida Jorem,	fagkoordinator for rådgjevnad, Åsane vgs
Hege Øvstegard	fagkoordinator for rådgjevnad, Åsane vgs
Terje Bjerga	fagkoordinator for realfag, Færder vgs
Ingrid van't Erve,	fagkoordinator for IKT, Mysen vgs
Bent Dahle Hansen,	fagkoordinator for IKT, GVO/FMHO

Paal Chr. Breivik, Terje Røstvær og Cecilie Høisæter,
Fylkesmannen i Hordaland